

Kyrkjeklokka

Nr. 1 - 2016

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

80. årgang

Kyrkjelydens årsfest i Loen

Med nytt opplegg vart det stappfullt hus i Loen Bygdehus då dei arrangerte gudsteneste, årsmøte og basar i januar.

Lostrupane og nystarta barnekor song, Beate Nes og Jan Gudmund Skrivervik hadde ansvaret for gudstenesta, masse god mat, og eit svært godt økonomisk resultat.

Eit eksempel til etterfølging.

Les om årsfesten på side 3.

Det ferske barnekolet sin første song for publikum under kyndig leiing av Inga Bødal, Bodil Tenden og Elin Sande Beimnes.



Påskeliljer ved Innvik kyrkje.

Redaksjonen vil ønskje alle lesarane ei velsigna påskehøgtid, med tid til kvile og kveik for kropp og sjel, men mest av alt til kveik for det åndelege livet. Vel møtt i kyrkja og andre stader der Guds ord blir forkynt i påska.

Flyktningar

I løpet av vinteren har det hittil kome 149 flyktningar til mottaket i Innvik. Det kjem truleg endå nokre fleire. Dei fleste av dei bur i bygda, og somme bur i andre bygder.

Langvin har igjen kome

i bruk, og no bur det folk i dei fleste husa der, og i nokre andre hus i bygda/bygdene. Ein del er ferdige med «karantenetida» og er byrja i skule, barnehage og på norskopplæring.

Elles må ein vel kunne

karakterisere dette som eit liv på vent. Nokre har besøkt kyrkja, og vil gjerne dit å be. I Hornindal har dei vedteke å ta imot nokre flyktningar i år, og nokre neste år.

Les meir om dette på side 14.

Trusopplæring

På side 8, 9 og 15 kan du lese litt om kva som skjer i trusopplæringa. Mange aktivitetar i dei ulike sokna er i gang, og fleire blir det. M.a. skal det vere tårnagentgudsteneste i Innvik i mars. Bilete her er frå familiedag i Nordsida kyrkje tidlegare i vinter.

Ansiktsmaling er populært



Kjortelen til Jesus skal visast fram

Kjortelen til Jesus – den som soldatane kasta lodd om ved korsfestinga, finst truleg framleis. Den er i Frankrike. Kjortelen har flekkar med blod som samsvarar med dei på Likkledet i Torino - og same blodtype. Dessutan har han fleire slag pollen felles med det og med Sudariet i Oviedo (hovudkledet som låg for seg sjølv i grava). Til og med har han pollen frå planteartar som berre finst i Israel!


Ein kan fylgje historia til kjortelen heilt tilbake til ca. år 590. I år 800 kom han truleg til Vest-Europa frå Konstantinopel med keiserinne Irene. Fransk-mennene kallar kjortelen for *La Tunique d'Argenteuil*. Han skal no visast fram – for fyrste gong sidan 1984 – i perioden 25. mars til 10. april 2016 i Paris.

Har du lese romanen *Men jeg så ham dø*? Den blei utgjeven på norsk i 1947 og er blitt filma og, med Richard Burton i hovudrolla. Handlinga dreier seg om den romerske offiseren Marcellus som var med på å korsfeste Jesus. Då soldatane kasta lodd om kjortelen, var det Marcellus som vann. Ei gripande og spennande bok. Men: Det verkelege livet er faktisk endå meir spennande.

Ein kjortel – ein type "lang skjorte med korte erme" – vevd av ull, er lagra i St. Denis-katedralen i Paris. Tradisjonen seier at den er den same som den soldatane kasta lodd om – sjå Johannes-evangeliet, kapittel 19, vers 23. I 2000 år har han vore æra som kjortelen til Jesus. To franske vitenskapsmenn ville for få år sidan undersøke denne kjortelen nærare:

Dei to var professor André Marion, ein fysikar ved det kjende optiske instituttet i Orsay og professor Gérard Lucotte, ein verdskjend genetikar ved Universitetet Paris-Sud. Dei samanlikna mønsteret av blodflekke på kjortelen med dei som er på Likkledet i Torino.

Resultatet var overraskande: Infrarød fotografering synte at blodflekke på kjortelen hadde nøyaktig same form som dei på Likkledet. Ved å legge dei over kvarandre, måtte vitenskapsmennene trekke den konklusjonen at begge kleda var flekka til av den same blødande mannen. Merker av skinnet som var slite av, særleg på den venstre skuldra og nedetter ryggen, synte at han hadde bore noko tungt, eit ca. 20 cm breitt objekt, medan han hadde kjortelen på seg. Var dette tverrstokken til eit kors?




Teikning av Kjortelen i Argenteuil på ein modell. Han skal visast fram i Paris våren 2016, den fyrste gongen sidan 1984. Blodflekkeane på ryggen er forsynte med ringar og har den same forma som på Likkledet i Torino. Forskarar konkluderer med at dei er flekka til av den same mannen. Blodtypen og pollenartar på begge stemmer overeins. På begge klede kan ein sjå at mannen har bore noko tungt over skuldra (tverrstokken til korset?)

Kunne denne mannen verkeleg ha vore Jesus frå Nasaret? Det nye testamente fortel at Jesus hadde "sine eigne klede" på seg då han bar korset til Golgata (Matteus-evangeliet, kapittel 27, vers 31.)

Her er nokre hovudpunkt av det dei to vitenskapsmennene fann ut:

- * Kjortelen har ein gong vore heilt tilsøla med blod.
- * Blodtypen er AB, det same som på Likkledet i Torino (likkledet til Jesus) og Sudariet i Oviedo (hovudkledet til Jesus frå grava). Om desse to: Sjå nett-staden nedanfor.
- * Vevingstypen og fargestoffet samsvarer med skikkane i Midt-Austen.
- * Kjortelen har seks artar av plante-pollen som er felles med Likkledet i Torino. Sju er felles med Sudariet i Oviedo. Dessutan har han pollen frå to artar som ein berre kan finna i Israel. Desse er også på dei to andre kleda. Ut frå dette kan vi nokså sik-



Dei siste åra har det kome fleire bøker som fortel om vitenskaplege undersøkinger av Kjortelen i Argenteuil. Alle er førebels på fransk. Her er den største og viktigaste (oversett): «Likkledet i Torino og Kjortelen i Argenteuil. Hovedpunkt i ei vitenskapelig undersøkning. Etter romanforfatterne, kva seier vitenskapen?»

kert seie: På eit tidspunkt har alle dei tre kleda vore i Det heilage landet. Funna på det eine samsvarar med funna på dei to andre.

Vil du veta meir om dette, sjå på www.torinokledet.no. Her finn du og stoff om Likkledet i Torino (likkledet til Jesus) og Sudariet i Oviedo (hodekledet til Jesus frå grava).

Jostein Andreassen, Søgne



Beate Nes forretta under gudstenesta i Loen Bygdehus.



Det nystarta barnekoret i Loen i gong med si første framføring.

Kyrkjelydens årsfest i Loen

Eit nytt sokneråd satsa friskt med ny vri på gudsteneste med kyrkjelydens årsfest og basar, alt i Loen Bygdehus søndag 24. januar.

Beate Nes forretta for 170 personar til første gudstenesta i Loen Bygdehus. Med alter, kors og ei kyrkjeklokke laga av spett og metallkile vart det ei høg-tidsam gudsteneste. For mange var bønnevandring for store og små til musikk og song av Jan Gudmund Skrivarvik ei ny og fin oppleving.

Lostrupane song under gudstenesta og var forsongarar på liturgien. Det nystarta barnekoret, som hadde si første øving for 14 dagar sidan, framførte ein song til stor applaus.

Etter gudstenesta var det årsmøte med årsmelding og rekneskap for 2015. Det gamle soknerådet fekk blomster som takk for arbeidet som dei har lagt ned.

Deretter var det basar med årsal og loddbooker. Lostrupane og barnekoret underheldt før kaffi. Konfirmantane og foreldra hadde baka kaker og smurd rundstykker som fekk føter å gå på. Som takk for hjelpa med årsal og opprydding får konfirmantane eit lite honorar og inntekta frå matsalet. Dette går til trinnet sin skuletur i 10. trinn.

Det vart ei rekordstor brutto inntekt

på kr 52.790,-. Takk til alle som møtte opp og støtta kyrkjelydsarbeidet i Loen og gjorde dette til ein kjekk søndag!

Vi vil og rette ein stor takk til alle som har vore rause og gjeve oss gevin-

tar til basaren i form av gaver og gåvekort.

(Dette kjem vel med for å halde kyrkja i hevd.)

Soknerådet dei neste fire ára er:

Sissel Tenden, leiar
Marte Sande, nestleiar
Gunnar Nystøyl, kasserar
Solveig W. Nesdal, medlem
av fellesrådet
Inga Bødal, ansvar for trusopplæringa
Jorunn Brattaker Loen, styremedlem
Marita Fonn, varamedlem som møter fast på styremøta



Mange små og store nytta seg av bønnevandringa.

Tekst og foto: Sissel Tenden



Lostrupane bidrog med song under gudstenesta og basaren.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016:

I kriser er vatn kritisk

Aldri før har vi sett så mange store humanitære kriser på ein gong. Kirkens Nødhjelp er i katastrofen med reint vatn. No treng dei di hjelp.

**FASTEAKSJONEN 2016
13.–15. MARS**

Akkurat no er millionar av menneske ramma av katastrofar – verda over. Det siste året har Kirkens Nødhjelp gitt reint vatn til mellom anna flyktningar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flomoffer i Malawi, tørkeramma i Etiopia og jord-skjelvoffer i Nepal.

I Etiopia har vêrfenomenet El Niño skapt den verste tørka på 30 år. Ifølgje etiopiske styresmakter vil 10,2 millionar vere trua av kritisk matmangel i 2016. Meir enn halvparten av desse er born. 5, 8 millionar menneske er i akutt mangel på vatn.

Blant dei som er hardt ramma, er bøndene i Ankober-distriktet. 66-åringen Dagne i landsbyen Washa har sjeldan sett ei verre tørke gjennom sine 40 år som bonde.

– Eg har vore gjennom vanskelege periodar i livet mitt. Det har skjedd før at regnet ikkje har kome og vi har prøvd å overleve med det lille vi har. Men dette er noko av det vanskelegaste eg har opplevd. Kvar einaste dag må heile familien stå over måltid for å spare på maten, fortel nibarnsfaren.

Enorm mangel på vatn

Tørka har skapt enorm vassmangel, ubrukelege avlingar og utarma beitemarker. Bøndene mister dyra sine og dermed livsgrunnlaget sitt. Det lille regnet som har kome, har ikkje vore nok til å gi avlingar.

For å klare seg, må bøndene selje dyra som har overlevd så langt i tørka. Dei blir tvunge til å selje kyr som har sørga for verdifull melk til borna i familien. No har mange snart korkje dyr eller pengar igjen. Dagne håpar fortsatt på regn, men er uroa for korleis han skal klare å drive jorda utan oksane sine.

– Eksistensen vår avheng av dyra våre. Utan dei, blir det vanskeleg for oss å overleve. Eg veit ikkje kva eg skal gjere, seier Dagne fortvila.



Trass dårlege avlingar dette året, arbeider Dagne i åkeren for å førebu den tørre jorda på regnet han håpar vil kome. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)



Den knusktørre jorda gjer det umogleg å få avlingar som kan seljast vidare på marknaden. Det vesle som kan haustast inn, blir brukt som dyrefôr. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)

Kirkens Nødhjelp er til stades i Ankober og fleire andre av dei verst ramma områda i Etiopia. Behova er akutte, og Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og trygge sanitære forhold.

– Vi er i gang med nødhjelpsarbeidet og har allereie jobba førebyggjande i fleire månader. Men når omfanget er så stort, treng vi all den hjelpa vi kan få, seier generalsekretær Anne-Marie Heland i Kirkens Nødhjelp.

Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagd. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar også med å påverke politikarar og andre beslutningstakarar til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 15. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016 av stabelen. Dette er kyrkjelydenes eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammer.

Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen anten ved å stille som bøsseberar saman med konfirmantane våre, eller med pengar i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.

Fasteaksjonen

Innsamlinga til fasteaksjonen blir i Utvik måndag 14. mars frå kl. 18.00, og i Innvik tysdag 15. mars frå kl. 18.00. Ta vel imot bøssebærarane når dei kjem.



Kyrjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Anna Marie S. Vatnamo
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor

Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no
Vikarprest Henny Koppen,
Mobil 916 01 630
henny.koppen@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjevevjer

Stryn kommune

Børre Lian
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
borre.lian@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no



Randabygd kyrkje var fyrst klassifisert som kapell. I dagleg-tale var det mange som kalla henne «Hoplandskjerkja».

Randabygda kyrkje


Randabygd kyrkje vart vigsla 29. august 1916 og fyller såleis 100 år i år. Dette må feirast like høgtideleg som då, med biskop til stades. Den kjende bygdebokforfatteren og lokalhistorikaren Jakob Aaland hadde skrive heftet til vigslingshøgtida.

Der finn vi programmet for gudstenesta, historia bak kyrkja og presentasjon av biskopen i Bergen, Peter Hognestad. Biletet av kyrkja

prydar framsida av heftet. Vi ser dei små bjørkjene på nedsida av kyrkja og skjønar at åra har gått når vi ser den staslege hengebjørka der i dag.

Jubileumsgudstenesta blir 21. august med biskop Halvor Nordhaug til stades.

Vi samlar oss i Randgrendahus etterpå til mat og program. Jubileet vil nok vere hovudoppgåva for soknerådet i bygda der også det gamle



Framsida av heftet som Jakob Åland laga til vigslingshøgtida i 1916.

soknerådet vil hjelpe til for å få ei vellukka feiring.

*Tekst:
Reidar Magne Sørland*



Avslutning til jul i kyrkja for born i Rand skule og barnehage, jula 2014.



Av Mari Saltkjel

Tankar langs vegen



Religionens menneskelege ansikt

Medan eg skriv denne teksten er det blitt fastetid i kyrkjene. Fasta er ei tid for å prøve seg sjølv, for sinnsendring og for ettertanke. Og det finst mange grunnar til ettertanke akkurat no. Det veit vi frå dei daglege nyheitsreportasjane og avisartiklane. Frå rapportar frå frivillige hjelpeorganisasjonar og personar. Det er mange grunnar til å granske seg sjølv, både for individ og samfunn.

DET ER EI tid for å vakte dei grunnleggande demokratiske vurderingane. Då meiner eg ikkje at vi skal snakke om å halde vakt om dei grunnleggande demokratiske vurderingane, men faktisk om å gjere det som er nødvendig for å kunne fortsette å byggje det demokratiet vi er stolte av og heldige å vere ein del av.

FASTETIDA er ei tid for å minnast dei grunnleggande kristne verdiane. Å ta seg tid til å vere merksam på kva dette betyr for kyrkja og for meg som person. Dette året kjem vi til å feire påske i ei tid då religionar og politiske ideologiar viser umenneskelege ansikt. Eg er kristen og eg bur i Europa. Gjennom heile den kristne og europeiske historia har vi sett spor av både

menneskelege og umenneskelege ansikt. Både det beste og det verste vi kan tenkje oss. Når menneske blir forfulgte, drepne, avviste og lever i stor nød, er det viktig at vi står samla rundt ønsket om å vise eit menneskeleg ansikt. Når menneske dør på veg til Europa må vi vise at vi har auge som ser dei og tar imot dei på tryggast mogeleg måte. Når muslimar som gruppe blir mistenkeleggjort på grunn



***Gud, vi bed for
menneske på flukt.
For eksistens
som står på spel.***

av nokre få sine kriminelle handlingar, må vi vise at vi er menneske som kan relatere til komplekse realitetar og nekte å generalisere på denne måten.

VI ER KALLA til einskap. Til å vere ein del av ein religiøs tradisjon som kan vise sitt menneskelege ansikt. Menneskelege ansikt som ikkje bare er ein idé eller ein vakker tanke, men eit verkeleg ansikt som har auge retta

mot det som skjer, øyrer som høyrer, munnar som seier det som må bli sagt og som møter andre menneske med eit ope sinn og varmt hjarte. Vi må tru, håpe, elske og arbeide i dei små samfunna lokalt og i ein global samanheng, i ein solidaritet som strekker seg lenger enn grensene for nasjon og religion.

BISKOPANE har engasjert seg i flyktningssaka fordi dette er ei sak som handlar om våre grunnleggande kristne vurderingar. Vi er oppmoda til å ta imot våre medmenneske, til å vere den kyrkja Kristus har kalla oss til å vere. Vi kan kalle det å vere ein læresvein, å følgje Kristus, å vere eit medmenneske – kva vi vil og identifiserer oss med. Kategorien er ikkje så viktig. Det er solidaritet, nestekjærleik i kvardagen gjennom verkelege, konkrete menneske som er religionens ansikt i dag. Menneske som du og eg. Her og no. Med våre hender, auger, øyrer, kroppar. Vi som er kalla til å ta imot. Til å vere ein heim. Til å vere ein kropp.

GUD, VI BED for menneske på flukt. For eksistens som står på spel. For liv som endar i vatn.

GUD, VI BED for oss sjølve. Fri oss frå passivitet og gjer oss kreative i vår solidaritet.

GUD, VI BED for politikarar og dei som skal bestemme for oss, i Europa og vårt eige land. Hjelp dei til å handle på ein ansvarleg måte.

GUD, VI BED for alle menneske med god vilje, for hjelpeorganisasjonar og einskilde personar. Takk for den bølga av godt som fløder fram.

GUD, VI BED for dei menneske som bankar på døra vår. Gjer kyrkja di til vona si kyrkje. Send oss din miskunnsame bodskap.

AMEN

Gospelkveld i Olden kyrkje

Gospelkveld i Olden kyrkje
søndag 13. mars kl. 19.00.

Olden Singers, Oldedalen
Blandakor, Olden Soulchildren,
Mona Jill m.fl. deltek.

Bill. kr. 100,- Max. pr. familie
kr 200,-

Inntekta går til lydutstyr i kyrkja.

Arrangørar:
**Olden Soulchildren og Olden
Sokneråd**

Kyrkjelydsfest i Olden

Olden sokneråd inviterer til kyrkjelydsfest og årsmøte laurdag 16.
april kl. 15.00 i Solvang.

Olden Singers blir med og underheld. Det blir utlodning av mange fine gevinstar.

Ei god matøkt høyrer og med.

Ta turen til Solvang denne
ettermiddagen!

Alle velkomne!

Velkomen til keltisk retreat på Holmely med pilegrimsvandring på Selja

9.-12. juni innbyr Holmely på Bryggja i Nordfjord til keltisk retreat, i samarbeid med Bjørgvin Bispedøme.

Pa dei britiske øyane slo den kristne trua tidleg rot i folkelivet, og her i nordvest har vi også keltiske røter. Keltisk kristendom hadde eit positivt forhold til skaparverket. Ein såg naturen og alt liv som eit spegelbilde av Skaparen. Keltisk tradisjon utfordrar oss til å tene Kristus i våre medmenneske, og til å leve i ei livsnær og gudsnaer kvardagstru.

Retreaten startar torsdag kveld 9. juni. Retreat tyder "å trekkje seg tilbake" med ein fast dagsrytme i stilla. Vi er så heldige å få med oss Mecky Wohlenberg som har vore tilknytt den keltiske rørsle i ca 20 år. Han var prest i Selje fram til år 2006, no er han i Sannidal i Bamble. Mecky vil formidle tema med tekst, bilete, og song/musikk på Holmely: - Keltisk kyrkjhistorie og keltisk kristen tro, - Den keltiske Luther

Brit Lundby Hilde som er frivillig ressursperson for Holmely, skal leie retreaten. Ho fekk "Sunniva-stipendet" tildelt av Den norske kyrkja og har utarbeidd materiale for pilegrimar som ønskjer å gå i St. Sunniva sine fotspor på Selja. Personalprest i Bjørgvin Bispedøme, **Bård Haukedal**, vil delta i sjelesorgsamtaler.

Store delar av laurdagen er sett av til



Mecky Wohlenberg.



Brit Lundby Hilde.

pilegrimstur til øya Selja. Det vert ei leia pilegrimsvandring fram til dei gamle klosterruinane. Vi avsluttar med nattverd i Sunnivahola der legenda fortel at St. Sunniva døydd. Det er sett av god tid ute på Selja, så vi kan ta til oss alle inntrykka.

Pilegrimsvandring laurdag 11. juni:

Det er mogleg å vere med på pilegrimsvandringa ute på øya Selja, (ca 5 timar). Kom til kaia i Selje sentrum ved Sunniva statuen eit kvarter før avreise med båten over til Bø. Ta med drikke og niste, kle for allslags vær og godt fottøy. Husk påmelding til Holmely og få stadfesta riktig avreisetidspunkt.

Søndag 12. juni. kl 11 held vi open friluftsgudsteneste i samband med keltisk retreat på Holmely. (Tema Skaparver-

kets dag). Gudstenesta blir på Sørholmen, ikkje så langt frå Totland kyrkje. Prest Mecky Wohlenberg, held gudstenesta med nattverd. Ta gjerne med klappstol/sitteunderlag.

Ta av riksveg 15 mot Fjordly/Holmely. Parkering på holmen rett til høgre etter brua over sundet, følg turvegen opp bakken frå parkeringa og over til Sørholmen der gudstenesta vert halde ute på sletta med utsyn over fjorden. I tilfelle dårleg vær, kan vi bruke Totland kyrkje. Då vil det bli sett opp informasjon ved vegen.

Vi avsluttar retreaten etter lunsj søndag.

Brosjyre er lagt ut på internettsidene til Bjørgvin Bispedøme og Holmely (www.holmely.no)

Sjå gjerne www.keltiskfromhet.no og/eller www.retreater.no

Pris per person: Dobbelrom kr 2700. Enkeltrom kr 2900, inkl. båttransport og arr.avgift.

For interesserte i pilegrimsvandringa 11. juni er det høve å melde seg på (kr 350,- per pers).

Meir informasjon og påmelding til Holmely, telefon 57853425

Tekst: Brit Lundby Hilde

Betaling for Kyrkjeklokka

I forrige nummer låg det med giro for bladpengar. Nokre opplevde at giroen ikkje var der. Kanskje kan den ha falle ut i postgangen. Men i våre dagar er ikkje dette noko problem, sidan dei fleste brukar nettbank, og ikkje treng giro. Du kan betale bladpengane til bankkonto nummer: 3795.30.05108 eller

0538.18.51054. Kontingenten er frivillig, men vi ser gjerne at flest muleg betaler. Vi er byrja å trykke bladet på betre papirkvalitet, og vi har utvida det faste sidetalet til 20. Dette kostar sjølvstøtt litt ekstra, men vi trur det er verdt pengane. Så om alle som får bladet betaler 300–400 kroner, ligg vi godt an.

Dersom to generasjonar deler postkasse, kan de gje melding til forretningsfører John Selmer Skiftesvik om at de ønskjer eit eksemplar med namn på.

Då kan begge husstandane få lese Kyrkjeklokka i fred og ro.

Redaktøren

Saman om skatten. Trusopplæring

Ten Sing Norway på besøk i Stryn

Torsdag den 4. februar var Ten Sing Norway på besøk i Stryn. Dei møtte årets konfirmanter frå Oppstryn, Nedstryn, Nordsida og Rand og Sightsing i Heimskringla. 12 ungdommar sto klar til å lage moro og spele kjekke leikar ilag med konfirmantane. Dans, drama, og kreativitet når det galdt å lage film på mobilen, sto i fokus. Og sjølv sagt song. Konfirmantane fekk oppleve på eigen sjel og kropp kor godt det er å synge. Årets konfirmanter er flinke songarar og har gode solistar. Ei glimrande muligheit til å oppleve dei, er samtalegudstenesta i Nedstryn kyrkje, fredag, 15.april, kl 20.00. Ten Sing i Stryn har hatt ein litt laber haust, men skal starte opp igjen etter vinterferien. Der håpar vi at mange ungdommar vil møtast.



Ten Sing Norway var på besøk. Ungdommane stod klar til å lage moro og spele kjekke leikar i lag med konfirmantane.

Øvingane er torsdagskveldane i Heimskringla. Å spele i band ilag med like gamle ungdommar, eller synge i kor er veldig gjevande.

Nytt sjansen ☺

Tekst og foto:
Janet Rudolph,
kyrkjelydspedagog



Bli med på 5-års klubb i Betania

Likar du å teikne eller måle? Synest du det er kjekt å leike og få nye vener? Fyller du fem år i løpet av 2016? Då håpar vi du vil vere med på 5-års klubb! Vi skal fargelegge pappharte, og pynte med glitter og paljettar!

Vi skal også snakke om vennskap; at det er godt å ha ein ven, det er fint å ha nokon å vere glad i. Og så skal vi få vere med Jesus og venene hans på båt-tur. Kanskje blir det bølger? Både små og store? Vi skal også møte Sakkeus, ein mann som ikkje hadde nokon vener... inntil han møtte Jesus! Jesus ville vere ven med Sakkeus, og han vil vere venen vår.

Tysdag 29. mars er vi igjen klare for 5-års klubb i Betania! Vi håpar å sjå mange barn, foreldre og kanskje beste-foreldre på samlinga vår då!

Tekst og foto: Ann Elin Aabrekk Lie



Bli med på 5-årsklubb.

Det er makt i de foldede hender...

Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite!

Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all



den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta. I denne spalten vil vi i kvart nummer dele nokre bønneemne med dykk. I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Konfirmantane og innspurten av konfirmantåret
- Trusopplæringssamlingane denne våren (Tårnagenthelgar, 5-årsklubb, babysong m.m.)

I tillegg ønskjer vi å knytte til oss nokre som kan tenke seg å gå inn i ei meir fast bønneteneste for trusopplæringa. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar kontakt på e-post:

annelin.lie@stryn.kommune.no

Tekst: Ann Elin Aabrekk Lie
Illustrasjonsfoto: Sissel Walderhaug

Med karamellkanon og disko i kyrkja

Søndag 24. januar inviterte søndagsskulane i Indre Nordfjord til familiedag med ein kjempfest i Nordsida kyrkje. Gudstenesta var "Sprell Levande" i alle ledd, og Helge Åkernes, vår lokale søndagsskulekonsulent, var invitert til å preike. Han hadde med seg ei magisk tryllebok, fekk borna med seg opp i båten til læresveinane, og snakka om å vere ein menneskefiskar. Og jammen fiska han ikkje eit av borna i garnet sitt også! Under bønnevandringa kunne ein få teikna krossteiknet i handa, tenne lys i lysgloben, teikne ei bøn på bønveggen eller henge opp eit bønemne på bønetreet. Alle fekk fiskestempel på handa, og eit kort med "Må Gud vel-signa deg" å ta med heim att.



Fisk i garnet.



Krossteiknet i handa.

Etter gudstenesta var det pølser med brød til alle, og festen heldt fram med ansiktsmaling, karamellkanon og disko i kyrkjekjellaren. Borna hoppa og dansa, og det var god stemning og mykje glede i kyrkja denne formiddagen. Dei som ville, kunne gå på tur til Rosetstøylen etter gudstenesta. Mange store og små møtte opp, einige om at dette var ein formiddag med noko for einkvar smak, og påfyll for både kropp og sjel.

Søndagsskulens familiedag er eit

årleg arrangement som vil gå på rundgang i dei ulike kyrkjene. Vi er stolte av å ha eit godt søndagsskulearbeid i bygdenes våre, og det blir lagt ned ein stor frivillig innsats i barne- og ungdomsarbeidet i Indre Nordfjord. Familiedagen er eit resultat av eit tett samarbeid med søndagsskuleleiarane, og eit fokus på at det er godt å sjå at vi er mange som står saman om visjonen: Jesus til borna.

Tekst og foto: Ann Elin Aabrekk Lie

Konfirmasjon – ei gåve med meining

Det nærmar seg konfirmasjon, og kanskje lurar du på kva du skal gje konfirmanden i gåve?

Kanskje er du fadder eller besteforelder til ein konfirmand og lurar på kva du skal gje konfirmanden. Vi veit mange ynskjer seg pengar, men vi har lyst å komme med nokre forslag til gåver vi trur vil bety noko for konfirmandens liv.

Bibel

Bibelen er ei naturleg gåve ved konfirmasjon. Det er verdas viktigaste bok. Og alle konfirantar bør ha sin eigen Bibel. I dag finst bibelen i mange utgåver. Du får dei i stort og smått, med ekte skinn, dongeritrekk eller i kunstskinn i spreke fargar.



Boka «157 bønner»

Menneske har bedt til Gud til alle tider, overalt. Men kven er Gud? Korleis kan vi be? Kva skal vi be om? I 157 bønner finn du både eldgamle og nyskrivne bønner av blant anna Den heilage Birgitta, Mor Teresa, Leonard

Cohen, Maria Solheim, Rudi Myntevik, Trygve Skaug, og Sunniva Gylver. Gje konfirmanden ei gåve som kan vare resten av livet. Ei hjelp til å leve med Jesus som venn når konfirmanttida er over.

Andaktsbok

«En helt overkommelig bibel» av Knut Tveitereid er ei enkel, god og billig andaktsbok for ungdom. Der får du

365 av Bibelens mest sentrale tekstar. 365 utfordrande, humoristiske og djupt seriøse kommentarar. Første utgåve av denne boka vart selt i over 60.000 eksemplar.

Leir

Kva med å gje konfirmanden ei oppleving? Vi foreslår ei helg eller kanskje ei veke på leir.

Sjekk ut musikkfestivalen SPEKTER (kfuk-kfum.no/kalender/kalvoya-2016) som erstattar TT, eller sportsleirane til KRIK (krik.no/nasjonalt) eller lokaleir for KFUK-KFUM eller Normisjon. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du ynskjer meir info om nokre av desse leirane.

Tekst: Beate Nes

Illustrasjonsfoto: Birgitte Kolbeinsen



Illustrasjonsfoto.

Ein treng ikkje gravferdsbyrå....

Ein treng ikkje gravferdsbyrå for å gravlegge dei døde. I dag er det fleire som ordnar gravferda sjølve. Omsorgssentra og sjukehusa har som regel kister ståande på lager. Det er oftast gravferdsbyråa som eig desse kistene. Ei kiste kostar i dag 6000–9000 kroner.

Dersom ein kjenner seg sterk nok, kan det å førebu ei gravferd vere god terapi i sorgprosessen, ja, det kan faktisk kjennast meningsfylt å førebu gravferda sjølve.

Presten er ein viktig person i sorga. Med han/henne kan ein drøfte det meste. Dessutan vil kyrkjetenaren vere med og legge til rette det praktiske inne i kyrkja.

Krans, bårbukett eller andre blomar

kan ein bestille sjølve frå dei fleste blomsterbutikkane. Når dei tilsette på blomsterbutikken møter opp i kyrkja med kransane kan dei faktisk også vere med å pynte kista. Det er ei god hjelp, og dette gjer dei gratis.

Når det gjeld dødsannonsa, kan ein sjølve eller presten ringe eller sende den inn til dei aktuelle avisene. Her må ein passe på fristen i forhold til utgivingsdag.

Songhefte til gravferdsdagen kan ein i dag printe ut på eige datautstyr. Alternativet er å spørje lokalavisa, eit trykkeri eller eit kontorsenter. Mange synes det er kjekt å kunne bestemme songane sjølve. Svært ofte har den avdøde favorittsongar som kan brukast. Ja, av og til har den avdøde til og med planlagt heile gravferda sjølv, med songar og alt som skal skje.

Minnegåve til eit godt føremål,

bestemmer ein også sjølve. Opplesing av kransar kan dei pårørande gjere i lag med dei tilsette i kyrkja.

Det er og vanleg at ein i god tid bestiller minnesamvær anten på hotell eller kafé.

Det er med andre ord ein heil del som skal leggst til rette før ei gravferd. Det krevst mykje tid og krefter. Men dersom dei pårørande har overskot og mot, kan alle oppgåvene bli ein del av sorgprosessen.

Det er i dei aller fleste tilfelle kyrkja som gravlegg og det er presten som ofte står dei pårørande nærast i sørgetida. Om ein vel å ordne det meste sjølv, kan ein midt opp i det heile oppleve at ein kan bruke meir av sin eigen økonomi til veldedige føremål

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Liste over soknerådsleiarane

Av og til kan det vere greit å vite kven som er soknerådsleiar. Her er lista:

Oppstryn

Kolbein Kaspersen
kolbeinkaspersen@hotmail.com

Nestryn

Svein F. Rønne
svein@stryn.net

Loen

Sissel Tenden
sissel.tenden@online.no

Olden

Møyfrid Sømme Kvamme
ms-kva@online.no

Innvik

Anna Marie S. Vatnamo
skogli.vatnamo@gmail.com

Utvik

Kari-Anne T. Haveland
kari_anne_t@hotmail.com

Randabygda

Reidar Magne Sørland
rsorland@online.no

Nordsida

Rune Berglid
rune.berglid@eninvest.net

Hornindal

Christine Helgesen Haugen

Den gylne regel i praksis

Vi kan vel ikkje late att historie-boka 2015. Så enkelt er det ikkje. Toppemnet i media i landet vårt i fjor var det borgarkrigsherja landet Syria. På andre plass kom asyl og flyktningstraumen. Andre kjenner på redsle. Innerst inne ber dei fleste av oss på kjensle av hjelpeløse, uvisse og redsle for det ukjende. Hadde ikkje media fortalt oss så mykje negativt, hadde vi følt oss tryggare og modigare til å ta i mot dei som kjem.

Språket er problem. Det er godt at vi ikkje berre kommuniserer med ord. Omsorg og gode gjerningar kan kome til uttrykk og røre ved andre. Det er viktigare kommunikasjonsfaktorar enn mange er klar over.

Mange fylte bærenett og sekkar med varme, pene og gode klede og andre ting som vart gjevne til asylmottaket i Innvik i haust, er eit teikn på omsorg. Mange gåver vart gjevne til jul. Dei vart fordelte utover.

No vert det sett nye krav til oss, og vi får høve til å praktisere Den gylne regel, som vi lærde som barn: ”Alt de vil at andre skal gjere mot dykk, skal de gjere mot dei” Matt. 7.12. Ein annan stad står det meir konkret: ”Den som har to kjortlar, skal dele med den som ingen har, og den som har mat skal gjere det same”. Luk. 3.11

Vi har lagt året 2015 bak oss, og vi tek eit skritt vidare. Kva det nye året vil møte oss med, veit vi ikkje.

Åttande desember 2015 opna pave Frans ”Den heilage døra” i Peterskyrkja og markerte starten på eit ekstraordinært jubelår med temaet NÅDE. Året skal både ha fokus på det å få del i Guds nåde og tilgjeving og det å vise miskunn mot andre menneske i ei lidande verd. Dette er høgt aktuelt for oss også. Guds nåde ved Jesus forsoning er frelsa. Det vonde i og omkring oss må tilgjevast dagleg, lidinga i verda tek ikkje slutt, men vi kan hjelpe.

Som ein start på det nye året fekk vi del i 25 årsmarkeringa til kongeparet. Det var ei fin oppleving for dei som var nær, og for oss som sat ved TV-en. Lat oss takke for landet vårt, og be for

konge-familien, regjering og storting!

Fleire store markeringar kjem utover året. Det norske Bibelselskap er 200 år i mai og legg opp til stor feiring då. Bibelselskapet har Biblar på meir enn 100 språk, og delar av Bibelen finn vi på ca. 3000 språk. Kanskje ein flyktning treng ein Bibel på sitt språk? Bibelselskapet kan skaffe det.

I juni er det Misjonssambandet som skal feire 125 årsjubileum. I landet vårt har det vore mykje misjonsarbeid i lang tid, og mange misjonærar har reist ut på misjonsmarka. Dei siste tiåra har mange foreiningar vorte lagde ned. Vi treng ein ny kveik i misjonsarbeidet. Vurder din innsats!

Peter i sitt 1. brev 4.10 kom med ei oppmoding: *”Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde.”*

Lukke til!



Kyrkjelydsbasar i Utvik

31. januar arrangerte Utvik Sokneråd kyrkjelydsbasar i Urdabrunn til inntekt for kyrkjelydsarbeidet. Vel 70 personar møtte fram, og det vart ein koseleg dag for store og små. Det var åresal, loddbooker, kake og kaffi.

Tusen takk til alle dykk som kom på basaren, og til dykk som støtta oss med gevinstar og kjøp av lodd.

På basaren kom det inn ca. kr. 25.600,- netto.

*Utvik Sokneråd,
Kari-Anne T. Haveland.*



Over: Fullsett sal i Urdabrunn.

Til høgre: Gode medhjelparar. F.v Tiwa Skåden Aarreberg, Linnea Hilde og Brita Kårstad.

Til venstre: Kjekt med basar. Ariel Njosen Williams var ein av dei heldige vinnarane.





Olina Dorte
Sunde

Min salme

Eg vil takke Jon Selmer Skiftesvik for å bli utfordra til å skrive om «Salmen min». Då vel eg meg salmen «*Ein fin liten blome*» av Johan Alfred Blomberg, omsett til norsk av Anders Hovden. Denne salmen har eg alltid vore glad i, eg lærde den tidleg i barneåra, og har nynna på den sidan. Teksten er lett forståeleg og melodien er likeeins lett å synge. No har Bjørn Eidsvåg laga ny melodi, som også er veldig vakker.

Når eg som jentunge gjekk i skogen og leita etter kyrne heime i Velom på Sunde, var eg aldri redd. Eg kjende stien og råsa, og fjella rundt var trygge og trauste. Ein kunne ikkje gå seg vill, naturen rundt viste vegen heimatt. Når eg tenkjer tilbake på barndomen min, tenkjer eg på gleda og tryggleiken. Tenk om alle barn i denne verda kunne få oppleve gleda over å springe og leike fritt i naturen, gleda over å passe dyr, gleda over å vekse opp i trygge og gode omgjevnader saman med sine næraste. Tenk om alle barn kunne sleppe å vere redde, men i staden få kjenne på gleda over ubekymra å få plukke seg ein blome.

I min barndom kjende eg kvar blåbærtue i skogen, og gjekk der og sang for meg sjølv. Og så plukka eg ein

blome, eller ein heil bukett. Blomar vert ein aldri for gammal til å undre seg over, og aldri lei av å plukke. Ein vinterdag for nokre år sidan ringte syskenbarnet mitt og ville ha meg med på tur til Briksdalsbreen. Datoen var 6. februar og det var isete og glatt på vegen opp. Då vi stod nesten oppe ved brekanten stod ei gul soleie og lyste mot oss. Den berre måtte vi plukke med oss slik at andre også fekk sjå denne vintersoleia. Vi undra oss over at den kunne stå og bløme midt på vinteren når alt anna var isa, dødt og visna.

No går det mot vår, og i mars kjem dei første snøklukkene og liljene opp av jorda i hagen. Grøne spirer kjem opp or svarte molda som er dekkja av dødt lauv og hagerestar frå i fjor. Det er rart å sjå korleis dei klarer seg sjølve, utan mi hjelp veks dei seg sterke og strekker seg med kvite og gule blomar opp av jorda på kjølege vårdagar. Eg får lyst å pakke dei inn og verne dei mot kulde. Men dei klarer seg, veks opp av snøen, som om dei rister den av seg. Dei er skapte til å klare seg.

Kvart einaste menneske som er fødd til denne jorda er ein fin liten blome. Og kvar einaste vesle blome har same verdi uansett veksttilhøve,

Ein fin liten blome

*Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.*

*Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd
der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.*

*Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.*

*Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.*

*Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar òg meg.*

*Om enn eg er liten, har Herren meg kjær,
med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber,
med bøna eg sovnar kvar kveld.*

*Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær,
i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er,
den høver for vandringa her.*

*Som blomen om vinteren visnar eg av,
men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav,
mi sjel, ho er heime hos Gud!*

*Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong
i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song
i himlen, dit døden ei når!*

anten det er ein prydblome i grøderik jord på solsida som likar å bli skoda på, ei snøklukke eller lilje – eller ei eineståande soleie – som klarer å vekse opp gjennom vinterens snø og is, eller ein liten og blyg blome som veks på skuggesida. I salmen vert det sagt så vakkert: «*Sei ottast du ikkje i skogen stå*

gøymd der skuggane tyngja deg må? Å, nei for av Herren eg aldri vert gløymd, til ringaste blom vil han sjå».

Eg utfordrar Hildegjerd Bjørlo til å skrive om sin salme.

Misjons- gudsteneste i Innvik

Midt i februar var det misjonsgudsteneste i Innvik. Misjonsprosjektet vårt «Landsbyutvikling i Mali» er framleis like aktuelt. Det har ei tid no vore politisk uro i Mali, men misjonærane er på plass igjen, og prosjektet går sin gang, fekk vi vite i gudstenesta.

Dei siste åra har vi også fokusert på Gabrielle Frøholm, som var frå Innvik, og var misjonær på Madagaskar.

Ved slutten av gudstenesta vart det lagt ned blomster på grava, til minne om misjonsinnsatsen hennar.



Tekst: Anna Marie S. Vatnamo
Foto: Anitha Kvamme

Billetekstar: Kari Synnøve Muri la ned blomster på grava. Gabrielle Frøholm var søskenbarn til hennar bestemor.

Misjonsprosjektet i Mali

Dette skjer:

- Kamp mot omskjæring
- Jobbetablering
- Etablering av grønnsakhager og kornbanker
- Leseopplæring
- Subsidiert salg av miljøvennlige ovner

OMSKJÆRING: Hovedfokus er på kampen mot omskjæring av jenter. Arbeidet skjer ved informasjonsmøter, filmfremvisninger og kursing av nøkkelpersoner om skadevirkningene ved denne praksisen. Rundt 90 prosent av kvinnene i Mali er omskåret, nå sier stadig flere at de ikke vil omskjære sine døtre.

LESEOPPLÆRING: Kurs for voksne, over 60 prosent er analfabeter.

JOB: Etablering av kvinnegrupper som jobber med inntektsbringende tiltak, – kvinnene får små lån som gjør

at en kan starte med salg av diverse varer eller oppdrett av dyr.

HELSE: Oppfølging av tradisjonelle jordmødre, - gi trygg fødsel for mor og barn.

GRØNNSAKHAGER: Etablering av grønnsakhager der det dyrkes næringsrike grønnsaker mange ikke kjente til fra før, - hele familien får et bedre kosthold samt inntekter av salg.

KORNBANKER: Disse «bankene» sikrer tilgang til korn hele året.

VEDOVNER: Ovner som krever mindre ved, hindrer avskoging og gjør livet litt enklere for kvinnene selges til sterkt subsidiert pris.

Hva koster det?

500 kroner: Produksjon og sending av et halvtimes opplysende radioprogram. 8–10 program produseres årlig.

600 kroner: Kurs for prosjektets tillitsvalgte (komité) i en landsby, prosjektet foregår i over 40 landsbyer.

5000 kroner: Tre kursdager for alle politiske, religiøse og tradisjonelle ledere i én kommune. Prosjektet arbeider i fem kommuner, og i hver kommune mottar ca 100 ledere en slik opplæring.

4800 kroner: Tre måneders lese- og skriveopplæring for voksne i en landsby. Det gjennomføres 5–6 kurs årlig.

120 000 kroner: Anleggelse av grønnsakshage, det bygges 1–2 per år.

Prosjektet er NORAD-støttet gjennom Digni. For å få støtte må NMS samle inn ti prosent av totalbeløpet.

Tekst: NMS

Mottak av flyktningar

I dagens flyktningsituasjon, står vi midt i ei stor utfordring knytt til mottak, busetting og integrering av flyktningar. Både kommune og lokalsamfunn har eit felles ansvar for å ta imot og integrere flyktningar.

Status for Hornindal kommune:

Hornindal kommune har vedteke å ta imot 10 flyktningar i 2016, og ein er no i gang med å førebu mottak av dei fyrste flyktningane i løpet av våren. Frå kommuna si side er det viktig å legge til rette for at dei som kjem til kommunen som flyktningar skal kjenne seg velkomne og få oppleve at det er godt å kome til Hornindal.

Når ei kommune skal ta imot flyktningar, så er det fleire ting som må vere på plass og førebudd. Det fyrste knytter seg til bustadar. Det er viktig at kommu-

nane får melding frå folk som har bustadar dei kan tenkje seg å leige ut. Ein treng både leiligheter og einebustadar. Det neste som må vere på plass er eit god språkopplæring. Her vil ein samarbeide med nærliggande kommunar, slik at ein raskt kan kome i gang med å lære språket. Viktig er det også at ein så raskt som mogleg kan finne praksisplassar til flyktningane, slik at dei kjem inn i eit arbeidsfellesskap. Vi veit at beste måten å lære språk på, er å vere saman med andre som snakkar språket.

Kommunen pliktar å hjelpe flyktningane med både bustad, språk og integrering, men kommunane treng at heile bygda engasjerar seg for å gje flyktningane gode integreringsarenaer. Det vere seg å invitere dei med på aktivitetar,

trening, ta initiativ til eit middagsbesøk, tilby seg barnepass og liknande.

Dersom du kjenner at du ynskjer å bidra med det eine eller det andre, er det fint om du kan ta kontakt med Hornindal kommune. Saman vil vi arbeide for at flyktningane som kjem skal kjenne at dei etter kvart føler seg heime her hjå oss, at her ynskjer dei å bu, arbeide og vere ein ressurs for bygda vår.

Ta vel imot desse menneska som av ulike grunnar har flykta frå sine heimland, og som treng eit trygt og godt fellesskap å høyre til i.

Tekst: Ann Kristin Langeland, rådmann i Hornindal



Bygdedugnad og kvardagsintegrering!

Ei utfordring til kyrkje, lag og organisasjonar

"Kommunane treng at heile bygda engasjerer seg for å gje flyktningane gode integreringsarenaer" skriv rådmann Ann Kristin Langeland. Hornindal kommunestyre har vedteke å ta imot 10 flyktningar denne våren, og 17 neste år. Ein har valt å starte med ei lita gruppe for å gjere erfaringar med tanke på nye mottak framover. Det er nok klokt.

Mottak av flyktningar er ei oppgåve som krev samarbeid mellom det offentlege (kommunen) og det frivillige arbeidet i lag, organisasjonar og kyrkje. Det er og ei oppgåve der vi i Hornindal bør hente erfaringar frå andre kommunar med langt større røynsler frå å ta imot innvandrarar og flyktningar. La oss lære av Stryn kommune. Her er eit eksempel:

På Nordsida oppdaga dei for ei tid tilbake at talet på korttids- og langtidsinnflyttarar nærma seg 100. Talet på fastbuande var om lag 500. M.a.o: kvar 6. innbyggjar var innflyttar! Men storparten av desse var framande for byg-

defolket. Då gjekk lag og organisasjonar saman om å innby både bygdefolk og innflyttarar til ein "Bli kjent kveld" i "Fjellvarden". Både innflyttarar og bygdefolk skulle vere saman om program, mat og servering og dermed vere jamstilte. Slik fekk denne *Bygdedugnaden* positive ringverknader!

Eg har eit forslag: At Hornindal kommune kontaktar større lag og organisasjonar og kyrkja om å gå saman om ein "Bli kjent kveld" med våre 10 flyktningar. Flyktningane må m.a. få høyre om dei ulike kulturtilbod i bygda og bli kjende med personar bak desse. Eg vil tru at ikkje minst idrettslaget med fotballgruppa vil vere interessant for både unge og vaksne innflyttarar! Slik kan kontakt skapast og kjennskap utviklast. (NB: Det er lurt å ha tolk!)

For kyrkja vil det vere naturleg å innby til gudstenester og andre tilskipingar for interesserte innflyttarar. Ei undersøking for ei tid tilbake viste at nær halvparten av innflyttarane i Nordfjord hadde kristen bakgrunn. Nokre er innvalde i sokneråd. Andre, som katolikane, har samlast til messe annakvar laurdag i Loen kyrkje. Muslimske flyktningar må få vite i kva for bygder og

byar dei kan finne trusfellesskap. Alle har same rett til utfolding av religiøst liv.

I si nyttårstale oppmoda Erna Solberg oss til *Kvardagsintegrering*. Eit godt ord, så la oss dele idear med kvarandre: Vi kan opne heimane våre og be flyktningar til middag eller ein kopp kaffi. Vi kan hjelpe dei med å reparere sykelen, låne ut reiskap dei treng, gje dei av våre vinterklede eller gardiner, ta dei med på ein biltur der dei får sjå bygda og bli kjende med stiar til fjells og andre turmål. Og viktig gjennom det heile: La oss sjå på våre nye bygdefolk ikkje som "dei utanfrå", men som våre medmenniske. La oss øve oss i å *sjå dei med hjartet!*

*For eg var svoltten, og de gav meg mat.
Eg var tørst, og de gav meg drikke.
Eg var framand, og de tok imot meg.
Eg var naken, og de kledde meg.....
Alt de gjorde mot eit av desse
syskena mine,
det gjorde de mot meg.*

Jesu ord i Matteus kap 26.

Tekst: Jon Ytrehorn

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Og Gud såg at det var godt...

I opphavet var alt mørkt og tomt, og der var ingenting anna enn den treeinige Gud.


Eg vil no fortelje deg historia om korleis Gud skapte himmelen og jorda. Gud let sin ande sveve over vatnet, han brukte røysta si og sa: «Det skal bli lys!» Og tenk-, det vart lys! Lyset er godt sa Gud, og han skilde lyset frå mørkret. Gud kalla lyset dag, og mørkret kalla han natt. Og det vart kveld, og det vart morgon.

Den andre dagen sa Gud: «Vi må skilja vatn frå vatn.» Gud laga himmelkvelven som eit tak over oss og skilde vatnet som er under kvelven, frå vatnet som er over kvelven. Og slik vart det. Gud kalla det for himmel. Og det vart kveld, og det vart morgon.

Den tredje dagen sa Gud: «Vatnet under himmelen skal samla seg på ein stad! Det tørre landet skal koma til syne.» Og det vart slik. Gud kalla det tørre landet jord, og vatnet som hadde samla seg, kalla han hav. Og Gud såg at det var godt.

Gud sa: «Jorda skal bli grøn! Grøne vekstar skal gro på jorda, vakre og nyttige planter som set frø så dei kjem igjen år etter år skal fylle jorda» Og slik vart det. Og Gud såg at det var godt. Og det vart kveld, og det vart morgon.

Gud sa: «Det skal bli lys på himmelkvelven til å skilja dag frå natt! Gud laga dei to store lysa, det største lyset som vi kallar sola sette han til å herska over dagen og det minste som vi kallar månen sette han til å herska over natta. Gud sette dei på himmelkvelven til å lysa over jorda, til å herska over dagen og over natta og til å skilja lyset frå mørkret. Og Gud såg at det var godt. Og det vart kveld, og det vart morgon, igjen.



Skapinga.
(Infobilder.com)

Vi les Bibel saman!

Den femte dagen sa Gud: «Det skal kry av liv i vatnet og fuglar av alle slag skal flyga over jorda». Så skapte han dei



Barn – Bibel. (Elisabeth Moseng)

store sjødyra og kvar levande skapning av alle dei slag som vatnet kryr av, og alle slag fuglar med venger. Og Gud såg at det var godt. Gud velsigna dei og sa: «Ver fruktbare, bli mange og fyll jorda med liv.» Og det vart kveld, og det vart morgon.

No er vi komne til den sjettede dagen. Denne dagen sa Gud: «Jorda skal bera fram levande skapningar av alle slag.» Og slik vart det. Gud laga det vesle raske ekornet og den store tunge elefanten. Han laga giraffen med den lange halsen, og alle dei rare, morosame og søte dyra du kan komme på. Tenk for eit leven dei må ha laga, når alle dyra for første gong laga lyd! Gud såg på det han hadde skapt og han såg at det var godt. Men det var framleis noko som mangla!! Gud sakna nokon å ha kontakt

med. Difor sa Gud: «Lat oss laga menneske i vårt bilete, så dei liknar oss!» Og Gud skapte mennesket i sitt bilete. Gud velsigna dei og sa til dei: «Ver fruktbare og bli mange. Eg gjev dykk jorda så de skal ta vare på henne. Haust av henne, og et av det som lever her. Men husk å ta vare på henne!» Gud såg på alt det han hadde skapt, han kjende gleda boble, og sjå, - det han hadde skapt var svært godt! Og det vart kveld, og det vart morgon.

Den sjuande dagen kvilte han frå heile det arbeidet han hadde gjort og han lyste den sjuande dagen heilag. Gud smilte den dagen, medan han gleda seg og såg på alt det han hadde skapt.

(Ei gjenforteljing av 1. mosebok kap. 1)

Nokre moment til samtale og ei oppmoding til å gjere noko saman

- * Snakk saman om alt det Gud har skapt. Kva synes du er det finaste han har skapt, og kva er det raraste?
- * Gud bad oss ta vare på jorda. Korleis syns du det oppdraget går? Kan vi som familie gjere noko saman for å ta vare på jorda?
- * Gud gav oss lov til å bruke det som veks og lever på jorda. Kanskje kan vi glede oss over det med å lage ei grøn-saksuppe eller ein fruktsalat saman?

Kateket Beate Nes

Statistikk for Innvik prestegjeld 2015

(Tala for 2014 står i parentes)



Olden gamle kyrkje

	Olden m /Ljosheim	Innvik	Utvik	Sum
Døyppte	15 (6)	6 (4)	2 (0)	23 (10)
Døyppte, bor i soknet	11 (4)	2 (1)	0 (0)	13 (5)
Konfirmerte	7 (9)	10 (7)	0 (0)	17 (16)
Vigde	4 (4)	1 (1)	0 (0)	5 (5)
Gravferder	11 (11)	5 (7)	8 (4)	24 (22)
Gudstenester	33 (31)	24 (24)	16 (18)	73 (73)
Deltakarar v gudst.	2698 (2499)	1377 (1328)	930 (969)	5005 (4794)
Nattverdgjester	462 (546)	267 (248)	125 (141)	854 (927)
Offer/kollekt	95816 (91596)	41063 (39670)	47674 (69734)	184553 (201000)
Fasteaksjonen	18503 (16533)	13659 (10986)	11632 (12817)	43794 (40336)

Talet på døyppte varierar med talet på fødde. Nokre vel å døype i si heimkyrkje, men bur ein annan stad enn i soknet.

Konfirmerte varierer og med årskulla. 2 av dei som vart konfirmert i Innvik har bustad i Utvik.

Gravferder er nokonlunde stabilt.

Talet på gudstenester er samtlege gudstenester både søndagar, helgedagar og andre dagar. Varierer lite frå år til år.

Talet på deltakarar i gudstenestene viser litt auke i Olden sokn og i Innvik, men nedgang i Utvik sokn, men då med 2 færre gudstenester.

Nattverdgjester syner nedgang i Olden sokn og Utvik sokn, men ein liten auke i Innvik sokn.

Men talet på offer/ kollekt syner ein overraskande nedgang i Utvik sokn, men ein auke i Olden og Innvik sokn.

Statistikk for Stryn prestegjeld 2015

(Tala for 2014 står i parentes)



Nedstryn kyrkje

	Oppstryn	Nedstryn	Loen	Sum
Døyppte	7 (6)	26 (24)	12 (7)	45 (37)
Konfirmerte	8 (7)	44 (36)	7 (3)	59 (46)
Vigde	2 (3)	0 (1)	2 (4)	4 (8)
Gravferder	14 (10)	24 (21)	2 (3)	40 (34)
Gudstenester	16 (16)	43 (36)	16 (16)	75 (68)
Deltakarar ved gudst.	992 (980)	4836 (5267)	1430 (881)	7258 (7128)
Nattverdgjester	145 (115)	682 (511)	183 (83)	1010 (709)
Offer/kollekt	21687 (26273)	100084 (102698)	30872 (35710)	152643 (164681)

130 fleire til gudsteneste i 2015, det er ingen stor auke, men ser ein på tala for Loen, er auken stor og tydeleg. Ein auke på heile 45 % er gledeleg. Det vitnar om at soknerådet har teke tak i problematikken kring nedlegging av kyrkjer. Det er auke i

talet på nattverdgjester i alle kyrkjene, det heng nok saman med at det frå hausten vart innført nattverd på mest alle gudstenester.

Auke i talet på døyppte og konfirmerte vitnar om at kyrkja framleis spelar ei viktig rolle i området her. Det einaste talet som

peikar seg ut negativt, er gudstenesteframmøtet i Nedstryn. Ein nedgang på 8 % er ikkje dramatisk, men ein skulle gjerne sett at pila peika den andre vegen.

Statistikk for Hornindal prestegjeld 2015

(Tala for 2014 står i parentes)



Randabygda kyrkje

	Hornindal	Nordsida	Randabygd	Sum
Døyppte	10 (12)	4 (3)	4 (3)	18 (18)
Konfirmerte	15 (20)	3 (5)	2 (4)	20 (29)
Vigde	4 (2)	0 (1)	1 (2)	5 (5)
Gravferder	18 (11)	8 (6)	2 (3)	28 (20)
Gudstenester	24 (25)	19 (21)	15 (12)	58 (58)
Deltakarar ved gudst.	2099 (2500)	1284 (1698)	903 (698)	4286 (4896)
Nattverdgjester	106 (212)	258 (265)	93 (60)	457 (537)
Offer/kollekt	39600 (54402)	57219 (67007)	8468 (14142)	105287 (135551)

I år har vi satsa spesielt på å auke talet på gudstenester i Randabygd. Dette viser seg som eit tydeleg resultat i statistikken. Det vil

alltid vere variasjonar i forhold til kyrkjelege handlingar som dåp, vigsel, konfirmasjon og gravferder frå år til år. Både Hornindal

og Nordsida har nedgang i talet på gudstenestedeltakarar og nattverdsgjester.

Kunstutstilling i Innvik Gamle Prestegard

I påska vil Magne Kristiansen ha salsutstilling i Innvik Gamle Prestegard. Dei gamle presteportretta frå Innvik kyrkje heng også i prestegarden, og blir sjølvsagt også å sjå.

I skrivande stund er ikkje opnings-tidene klar, så vi ber lesarane om å sjå annonsering i Fjordingen, på www.vikanenett.no og på plakatar når påska nærmar seg.

Påskemøte på Misjonsheimen 23.–27. mars

Onsdag 23. mars kl. 20.00: Kveldsmøte

Torsdag, fredag, laurdag og søndag
kl. 19.30: Kveldsmøte

Fredag, laurdag og søndag kl. 10.00:
Samling om Guds ord

Talar: Lars Sigmund Simonsen
Song: Solveig Orheim Nome
Leiing: Annbjørg Barane

Alle velkomne til enkeltmøte!





Slekt skal følgje slekters gang



Frå kyrkjebøkene for Stryn prestegjeld

Oppstryn

Døpte:

- 13/9 Jakob Hrafn Muri Gudmundson. For. Bjørg Muri og Gudmundur Hrafn Jakobsson
- 8/11 Aksel Flo Svarstad. For. Christina Svarstad og Johan Birger Flo
- 8/11 Charlie Rasmus Hjelle. Emma Elizabeth og Lorentz Hjelle
- 3/1 Amanda Nesje Sande. For. Rigmor Nesje og Joacim Sande

Døde:

- 31/10 Sigvard Guddal f. 1925
- 10/11 Margaret Erdal f. 1952
- 4/12 Karin Skåre f. 1930
- 7/12 Kristian Lindvik f. 1930
- 17/1 Ida Randi Nytun f. 1947
- 10/1 Arne Fosnes f. 1947

Nedstryn

Døpte:

- 1/11 Emilie Eikenæs Gausemel. For. Hilde Andrine Eikenæs Gausemel og Rasmus Gausemel
- 25/12 Freydis Lunde-Quine. For. Randi Anne Lunde og Ian David Quine
- 25/12 Eliah Bødal Egge. For. Elise Bødal og Kristian Hool Egge
- 1/1 Truls Flo Aarheim. For. Kamilla Nedre-Flo og Øyvind Aarheim
- 17/1 Olivia Anette Treasure. For. Tonje Anette Bjerkan og Anthony Thomas Treasure

Døde:

- 3/11 Gunnhild Gjørven f. 1919
- 10/11 Leif Løken f. 1921
- 12/11 Klara Breidablikk f. 1916

- 27/11 Arne Eikenæs f. 1924
- 30/11 Kåre Sigmund Gjørven f. 1946
- 30/11 Eldbjørg Heggstad f. 1918
- 10/01 Isak Gjørven f. 1929
- 14/1 Arnold Sunde f. 1933
- 21/1 Olav Marthon Wahlberg Olsen f. 1941

Loen

Døpte:

- 7/2 Inga Gullbjørg Sunde Tenden. For. Cecilie Sunde og Per Johnny Tenden

Døde:

- 12/1 Jon Solvik f. 1922
- 14/1 Synneve Elfrida Nesdal f. 1913

Frå kyrkjebøkene for Hornindal prestegjeld

Hornindal

Døpte:

- 25/10 Alvin Almenning Hjelbakk. For. Einfrid Almenning og Anders Hjelbakk
- 15/11 Nora Grodås Svarstad. For. Ann Kristin Grodås og Kjetil Svarstad
- 13/12 Rikke Cornelia Lødemel Lødøen. For. Maria Renate Lødemel og Sturla Børge Lødøen
- 13/12 Oda Ringdal Lund-Notøy. For. Inger Marie Ringdal og Vegard Lund Notøy
- 25/12 Edvard Kristensen Fannemel. For. Eline Fannemel og Anders Kristensen

Døde:

- 20/10 Brita Brandvoll f. 1937
- 26/10 Bjørn Vilhelm Nilsen f. 1945
- 29/10 Arne A. Lødemel f. 1919
- 13/12 Reidun Haugen Kongsvik f. 1936
- 27/12 Rasmus Lødøen f. 1936

- 27/12 Petra Dybevoll f. 1920
- 15/1 Kristi Nanna Elisabeth Fannemel f. 1933
- 20/1 Åsta Hjelbakk f. 1927

Nordsida:

Døde:

- 15/1 Marit Roset f. 1933

Randabygd:

Døpte:

- 22/11 Eskil Hammer. For. Monika og Benny Hammer

Døde:

- 18/1 Maria Hopland f. 1925

Frå kyrkjebøkene for Innvik prestegjeld

Olden

Døpte:

- 16/8 – 15 Simon Eide Aksnes. For.: Harald Hjelseth Aksnes og Solvor Eide Aklestad Aksnes

Døde:

- 09/11 - 15 John Kvamme, f. 1916
- 24/11 - 15 Olav Auflem, f. 1921
- 06/12 - 15 Anders J. Skarstein, f. 1927
- 19/01 - 16 Jørgen Brynestad, f. 1919

Innvik

Døde:

- 06/12 - 15 Lars - Petter Bergh, f. 1959
- 07/01- 16 Margunn Erdal Hilde, f. 1950

Utvik

Døde:

- 18/11 - 15 Rakel Marie Bruland, f. 1923

Velkommen til Palmehelg på Nesholmen 19.-20. mars 2016

Palmehelga er ein hyggeleg start på påska for både store og små! Med fokus på å gjere ting saman, er dette ein fin stad å vere for heile familien.

Alle er hjarteleg velkomne!

Vertsfolket for Palmehelga er:

- Erling Nydal og Jorunn Bakke Nydal
- Håvard Flatland og Ingeborg Watne Flatland
- Andreas Hjelset Håberg og Hedda Håberg





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, so følg med i avisene.

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkomen i nabokyrkja.

6. mars; 4. s i fastetida – Joh 6, 24-36

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

13. mars; Maria bodskapsdag – Luk 1, 39-45

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Tårnagentgudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste

20. mars; Palmesøndag – Joh 12, 1-13

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Ljosheim 20:00 Kveldsgudsteneste

24. mars; Skjærtorsdag – Joh 13, 1-17

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Bøasetra, Stryn 12:00 Friluftsgudsteneste
- Bruasetra / Skisenteret, Hornindal 12:00 Friluftsgudsteneste
- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste
- Nordsida 20:00 Kveldsgudsteneste

25. mars; Langfredag – Mark 14, 26- 15, 37

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 20:00 Kveldsgudsteneste
- Hornindal 20:00 Kveldsgudsteneste

27. mars; Påskedag – Joh 20, 1-10

- Nedstryn 10:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Oppstryn 12:00 Høgtidsgudsteneste
- Randabygd 14:00 Høgtidsgudsteneste

28. mars; 2. påskedag – Joh 20, 11-18

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 18:00 Gudsteneste

3. april; 2. s i påsketida – Joh 20, 24-31

- Nedstryn 11:00 Speidargudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste

10. april; 3. s i påsketida – Mark 6, 30-44

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Innvik 16:00 Gudsteneste

17. april; 4. s i påsketida – Joh 14, 1-11

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Loen 18:00 Gudsteneste

24. april; 5. s i påsketida – Joh 17, 6-11

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Randabygd 11:00 Gudsteneste

1. mai; 6. s i påsketida – Matt 6, 7-13

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Olden 16:00 Gudsteneste

5. mai; Kristi himmelfartsdag – Joh 17, 1-5

- Loen 10:00 Konfirmasjon
- Utvik 11:00 Konfirmasjon
- Nordsida 11:00 Konfirmasjon
- Nedstryn 12:30 Konfirmasjon

8. mai; Søndag før pinse – Joh 16, 12-15

- Oppstryn 10:00 Konfirmasjon
- Innvik 11:00 Konfirmasjon
- Randabygd 11:00 Konfirmasjon
- Nedstryn 12:30 Konfirmasjon

15. mai; Pinsedag – Joh 14, 23-29

- Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Olden 11:00 Høgtidsgudsteneste
- Hornindal 11:00 Høgtidsgudsteneste

16. mai; 2. pinsedag – Joh 7, 37-39

- Bergsetnausta, Nordsida 12:00 Naustmesse

17. mai; tysdag – Luk 17, 11-19

- Nedstryn 09:30 Festgudsteneste
- Nordsida 10:30 Festgudsteneste
- Oppstryn 11:00 Festgudsteneste
- Olden 11:00 Festgudsteneste
- Innvik 11:30 Festgudsteneste
- Randabygd 12:00 Festgudsteneste

- Hornindal 12:00 Festgudsteneste
- Loen 13:00 Festgudsteneste
- Utvik 13:00 Festgudsteneste

22. mai; Treeiningssøndag – Luk 24, 45-48

- Hornindal 10:00 Konfirmasjon I
- Hornindal 12:00 Konfirmasjon II
- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon
- Olden 11:00 Konfirmasjon

29. mai; 2. s i treeingstida – Joh 3, 1-13

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 12:00 Familiedag trusopplæring
- Ljosheim 14:00 Sportsgudsteneste

5. juni; 3. s i treeiningstida – Mark 10, 13-16

- Nestryn 11:00 Gudsteneste
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Nordsida 11:00 Gudsteneste

12. juni; 4. s i treeiningstida – Matt 9, 35-38

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
- Sundshaugen, Olden 14:00 Friluftsgudsteneste

19. juni; 5. s i treeiningstida – Matt 18, 12-18

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
- Kvalen, Randabygd 12:00 Friluftsgudsteneste

25. juni; laurdag

- Nordsida 23:00 Gospelgudsteneste

26. juni; 6. s i treeiningstida / Aposteldagen – Mark 3, 13-19

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Loen 16:00 Ettermiddagsgudsteneste
- Nordsida 22:00 Gospelgudsteneste

3. juli; 7. s i treeiningstida – Mark 5, 25-34

- Selja, Selje Seljumannamesse



B

Full distribusjon

Leir

Acta – barn og unge i Normisjon, startar leir året med vår- og påskeleirar på Fjordly (Bryggja) og på Teigen (Eikefjord). Å reise på leir inneber å overnatte heimafrå, å bli kjend med nye menneske, både på sin eigen alder og med leiarane, å finne på mykje kjekt saman, samt å få høyre meir om Jesus.



Alt dette gjer at vi lærer noko nytt og får oppleve noko unikt – eit skikkelig leir-eventyr! Vi tilbyr mange spennande aktivitetar og samlingar. Vi kan mellom anna nemne båtliv, fotball, volleyball, kub, evt. snøaktivitetar, god mat, bibelstunder, kveldssamlingar framfor peisen eller bålet, underhaldning, og mykje meir!

På leir er det mange menneske i sving for at deltakarane skal få ei super oppleving. Som leiarar er det med ungdommar og vaksne som brenn for at deltakarane skal ha det bra og få eit eventyr av beste sort. Finn ein leir som passar for deg og bli med då vell!

Tekst: Stine Lillebø Hopland, Acta-leiar

Arrangement i Acta barn og unge i Normisjon vår 2016

- 18.-20. mars Minileir, Teigen (4 år–3. klasse m.følge)
- 18.-21. mars Tenleir, Fjordly (8. klasse og oppover)
- 8.-10. april Soul Children Gathering, Sandane
- 16.-17. april Årsmøte for Acta og Normisjon, Lyngmo
- 21. mai Storsamling på Fjordly (alle)

Meir informasjon og påmelding
www.normisjon.no/sof
 eller mail og tlf.
acta.sof@normisjon.no, 57866349

Bli med på

OMRÅDESTEMNE og ÅRSMØTE

for NMS-Nordfjord
 søndag 10.april 2016 i Davik

- 11.00: Misjons gudsteneste v/Ingvald A. Frøyen og Asbjørn Gjengedal
 13.00: Middag
 14.00: Årsmøte for NMS-Nordfjord
 15.30: Misjonsfest
 Festtale v/Ingvald A. Frøyen

Påmelding til middag til Elin Ytrehorn:
 57879497/48119282
 Innan onsdag 6. april



Velkommen til PåskeTreff på Nesholmen 21.-23. mars 2016

Lurer du på kva du skal i påska? Lyst på nokre kjekke dagar med ein flott gjeng? Kom på påsketreff då vel!

Påsketreff er eit fantastisk treff, på verdas flottaste leirstad, Nesholmen!

Det er tre dagar med chilling, mad moro, tur til Eimhjellen, påskeferiering, song, Jesus, og massevis av bra folk!! :) Og kven veit, kanskje du ikkje har høyrte alt om påska endå? Inviter vennar, kjente, familie og dei du kan komme på, og ta turen til Nesholmen på Påsketreff!! :D

Tema for årets PåskeTreff blir «PÅSKE – KULTUR ELLER TRU?»



KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



Nr 2 – 2016 kjem i posten rundt 30. juni. Redaktør er Knut Sigurd Gald.

Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 3. juni.